

proas



Proas520

Proas AS

Leikongvegen 329

6080 GURSKØY

post@proas.no

Tlf: 936 99 653

www.proas.no

Oversikt over standard leveringsomfang

520 - 10.2024

**Båten vert bygd etter fyljande normer:
Nordisk Båtstandard. Forskrift om fiske og fangstfartøy under 15 meter.
Forskrift om maritime elektriske anlegg.**

Hovedmål:

**Lengder frå 1065 til 1499 B= 520 Topp fart ca 10 knop etter motor val
Lasterom på L=1065-1105 =25,6 kbm. På 1299 ca 40kbm
Tonnasje 1099/1105 Brutto 20 tonn Netto 6,1 tonn**

- **Skrog/dekk/overbygg**

Skrog, dekk, rekker, bakk, halvshelter, skott SB side mellom tørkerom og maskinhus og overbygg i GRP. Skrogsider, dekk og overbygg er isolert, takstikk over drager. Maskinhus og tørkerom m dører frå dekk. To delt Libra dør til styrhus m vindu. Skylight som rømmingsveg frå lugar på framdekk. Lasteromsluke i aluminium. Fastskrudd flush luke over maskinrom. Trimtank under dørk i badrom ferdig kobla med vatn inn/ut. Solid NORselast FL 11 fenderlist. Slitebelte støypt på SB side. Vindu med isolerglass i 8+5 herda med aluminiumsramme i front og på sider. Et vindu med varme, 2 stk vindusviskere m intervall og spyling.

- **Framdriftsanlegg**

Nogva Scania Dlog 70M 300hK, Marinegir HC168C/HCo red. 2,48:1 m hydr.clutch med oljekjeler og PTO med SAEC sline. 4-blada vripropellanlegg N4.215. Aksel 65mm m vann smurt og fleksibel hylse. Johnson F9B pumpe med magnet clutch og ekstra dynamo 24V 100A montert på motor. Ror. Rustfri 50mm ror aksel med feittsmurt brosjelagring.

- **Elektrisk anlegg**

To pola anlegg. Batteri: Start 2x140amp. /forbruk 2x225amp. /VHF 40amp. Brytar for naudsamankopling av batteri. Felles brytar og sikringstavle bak på SB side i styrhus. Alarmsentral for vasstand, røyk, og varme i maskinrom samt røyk i styrhus. Lanternekontroll. Tre NUC lanterner. 2 stk. lysarmaturar i maskinrom. 1 dekklys i mast. 2 lys under halvshelter. Innfelt led lys i tak styrehus og lugar. Kamera i motorrom med skjerm i styrhus.

*Landstraum m 230v inverter, landkabel og 1 dobbel stikkontakt i pantry,
1 i lugar, 1 i tørkerom og 1 i maskinrom.*

- **Pumper**

Manuell pumpe for maskinrom i maskinromsnedgang. Elektrisk pumpe i maskinrom og innreiing/lugar med brytarar i styrhus. Elektrisk pumpe i lasterom, 2toms spylepumpe med magnetkløtsj og uttak i mesanhus. Pumpe i lasterom og spylepumpe har brytar på maskinromsnedgang.

- **Tankar**

2 stk. dieseltankar à ca 1500 l med stengehøve på dekk i tilfelle brann. 1 stk. vasstank ca 500 l. Varmtvasstank ca 30 l med oppvarming frå kjølvatn på motor. Trimtank 1500 l under lugardørk.

- **Rekker/leider**

Rekker i aluminium, handtak på styrhustak og naudleider på hekk i polert syrefast stål.

- **Fortøyningsutstyr**

To kraftige pullertar på framdekk, en på kvar side og en på kvar side akter. Anker med kjetting og line.

- **Mast**
Radarmast med monteringsplate for radar, lyskastar, antenner og mast for signallys.
- **Hydraulikk/ Styring**
Hydraulikk anlegg 140 kb m 125 l tank. Hydraulisk styring med ratt inne.
- **Thruster**
Sleipner tunell thruster. Foran SH320 224-320 kg. Akter SH240 168-240 kg.
- **Manøver system**
Marol manøversystem for to posisjoner 41699 HCK- Marine girkontroll i styrhus og 49968 HCK-Remote ved rekke.
- **Interiør styrhus/lugar**
Tre separate singel lugarer med klesskap. I babord lugar kan monterast to køyer. Bad/toalett i baug. Skott i styrhus og lugar er trakte med polstra mørk grå skai. I tak er det plater trakte med lys grå polstra skai. Benke- og sofasider i grå plast. Skapdører/skuffefrontar, benkeplate, lister, bord osb. i eik laminat. Dørk er belagt med vinylbelegg.
- **Stol, puter og madrassar**
NorSap R-0012 styrestol i svart hud med fotkvil. Sofaputer i matchande farge til styrestol.
3 stk. madrassar i lugar med gråaktig tekstil trekk.
- **Baderom.**
Elektrisk pumpetoalett, benk med vask og blandebatteri, dusj m/stang og blandebatteri. Vegger og golv i plast, lys farge. Pumpe for avlaupsvatn frå dusj.
- **Bysse i bakkant styrehus**
Benkeseksjon med skap, skuffeseksjon, *komfyr 230V* og stort *komb.kjølfrysenskap*. Overskap i heile benkens lengde og *ventilator* over koketopp. Benkeplate i laminat med rustfri oppvaskkum og blandebatteri tilkobla trykkvasspumpe. *Induksjon 230v koketopp* med to plater nedfelt i benkeplate.
- **Tørkerom**
Tørkerom for arbeidsklær på dekk med varme og 1 stk 230V stikkontakt.
- **Varme**
Dieselvarmar med 3 luft dyser og varmar driven av motoren sitt kjølvatn med følgjande uttak: 1 stk. ved dørk i styrhus og lugar samt defrosterdyser i styrehus under frontrute.

- **Redningspakke for 1099/1105. +- for andre lengder**
Redningsflåte 4 person, 1 overlevingsdrakt, 1 livbelte med lys, 1 Jotron nødpeilesendar, 1 Jotron AIS-SART, 1 Jotron VHF radio, 6 fallskjerm-rakett, 4 håndbluss, 2 røyksignal boks, 3 brannslukkere 6KG pulver, 1 livbøye 2,5KG m/ bøyelys og line.
1 stk VHF fastmontert i konsoll over vindu i styrhus.

Fast brannsløkkings anlegg i maskinrom samt brannalarmsentral.

- **Ballast**
Ev. naudsynt ballast er innstøypt
- **Forsikring**
Proas AS held båten *forsikra i byggjetida*. Ved overtaking tek kjøper over forsikringsansvaret.
- **Godkjenning**
Godkjenning av radioanlegg frå Telenor Kystradio samt stabilitetsberegninger og godkjenning med nødvendig dokumentasjon frå godkjent foretak.
- **Garanti**
Ett års garanti på våre produkt/arbeid mot fabrikkfeil. For utstyr som vi kjøper, er levert av andre, gjeld vedkomande leverandør sine betingelsar.
- **Leveringsbetingelsar.**
Leveringsstad ved verft mot endeleg oppgjer og leveringsprotokoll.
«Alminnelige betingelser NL17» med fylgjande endringar. Pkt 16,17 og 20 går ut.
I punkt 22 endrast frå 3 månader til 3 veker.
- **Fylgjande er ikkje med i standard leveranse**
 - Garn/ notbinge
 - Navigasjonsutstyr
 - Mesanmast og segl
 - Sideport
 - Hydraulikkuttak
 - Oppdeling av lasterom
 - Stikkontakt for juksa maskiner.
 - Radio/musikkanlegg/TV m antenner
 - Roterande vindu
 - Dekksutstyr som kraner/ halere/ juksamaskiner mm
 - NOX reinseanlegg
 - Straumaggregat (Hjelpemotor)